

Til

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Postboks 8112 Dep 0032 Oslo

Forskrift til ny lov om Råd for eldre og Råd for personar med nedsett funksjonsevne i kommunar og fylkeskommunar - høyring

Ny lov om eldreråd i kommunar og fylkeskommunar trer i kraft fra 01.01.2020. Den største endringa ligg i at den tidlegare lova som var ei særlov, no skal bli eit eige kapittel i Kommunelova. I tillegg til sjølvne lova, er det foreslått å etablere eiga forskrift som vil ha som formål å konkretisere viktige deler av lovverket sine intensjonar.

Forslag til forskrift er no ute til høyring og eldrerådet i Norddal kommune vil gje følgjande høyringsuttale:

1. I det framlagte forslag til forskrift, er det foreslått at råda sine mandat skal vedtakast på kommunalt og fylkeskommunalt nivå. Eldrerådet i Norddal kommune vil understreke viktigheita av at det skal vere «likheit for lova», og at den beste måten å oppnå det på, er at råda sine mandat vert fastlagt nasjonalt.
2. Eldrerådet skal være samansett av minst 5 medlemmer med 5 personlege varamedlemmer der fleirtalet skal vere over 65 år.
3. Forskrifta må understreke at eldrerådet sine medlemmer har rett til opplæring på lik linje med andre folkevalde i kommunen.
4. Forskrifta må fastsetje eldrerådet sin rett til å uttale seg i alle saker som angår dei eldre sine levekår og livsstandard, samt rett til tidlegast mogeleg innsyn i kommunens planarbeid før sakene vert lagt fram for politiske utval.
5. Det skal opprettast sekretariatsordning for eldrerådet i minimum 1/3 stilling.
6. Samanslåing av fleire råd, kan berre skje unntaksvis. Kriteria for eventuell samanslåing må definerast klart i forskrifta.
7. Rett til å foreslå kandidatar til eldrerådet bør berre gjelde for reine pensjonist-organisasjonar.
8. Kommunestyret skal gi eldrerådet møte og talerett.
9. Kommunestyret si plikt til å handsame forslag framsett av eldrerådet, må innarbeidast i forskrifta.
10. Eldreråda skal ha eigne budsjett for sin drift.

Valdal 18.03.2019

Helsing

Norrdal eldreråd

Postbos 144

6210 Valldal